

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
093/21	Formannskapet	PS	17.11.2021
103/21	Heradsstyret	PS	08.12.2021
008/21	Administrasjonsutvalet	PS	17.11.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	21/2663

Utgreiing av konkurranseutsetting av reinhaldstenesta

Vedlegg:

Oversikt renholdere anonymisert

Skriftleg uttale frå Fagforbundet Osterøy

Vedlegg 1 renhold-kalkyle-Osterøy

Konkurransegrunnlag reinhaldstenester

Kravspesifikasjon - vedlegg til konkurransegrunnlag

Ability - Tilbod på reinhald

Alliance - Dei tekniske og faglige kvalifikasjonane

Alliance - Egenrapportering-lønns-og-arbeidsvilkar

Alliance - Tildelingskriterium kvalitet

Fagforbundet - Utalelse til sak om konkurranseutsetting av reinhold Osterøy kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Rådmannen rår i frå å konkurranseutsette reinhaldstenesta i Osterøy kommune på grunn av at gevinsten er for låg.

Formannskapet - 093/21

FS - behandling:

ADMU sin innstilling:

"Rådmannen rår i frå å konkurranseutsette reinhaldstenesta i Osterøy kommune på grunn av at gevinsten er for låg."

AVRØYSTING:

Røyster for: 2SP, 2H, 2AP, 1KRF

Røyster mot: 2FRP

FS - vedtak:

Formannskapet rår i frå å konkurranseutsette reinhaldstenesta i Osterøy kommune på grunn av at gevinsten er for låg.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I samband med handsaming av budsjett i heradstyremøte 9. desember 2020 (sak 092/20 Budsjett 2021 med økonomiplan 2021 – 2024) ba politikarane om ei utgreiing av konkurranseutsetting av reinhaldstenesta i Osterøy kommune.

Rådmannen har kunngjort ein tilbodskonkurranse om kjøp av reinhaldstenester, og to føretak har gitt tilbod på reinhaldstenester i Osterøy kommune. Tilbudsfristen var 15.10.21. Det har vore gjennomført ei synfaring på einskilde bygg for interesserte.

I tabellen er dei aktuelle summene lagt inn. Tilbodssummene er korrigerte slik at det vert korrekt sum å samanlikne med i høve til det kommunen brukar på reinhaldstenesta. Korrigerte summar er avklart med Ability og Alliance i eigne avklaringsmøtar. Summen kommunen nyttar på reinhaldstenesta er og korrigert, slik at ein kan samanlikne på likt grunnlag.

	Alliance	Ability	Osterøy	Kommentar
Dagvask	kr 6 757 097,00	kr 12 532 910,46		
Hovedvask	kr 1 117 391,24			Ability - inkludert i dagvask
Andre tillegg	kr 256 050,00	kr 918 096,40		
SUM	kr 8 130 538,24	kr 13 451 006,86		
Forbruksmaterieill	kr 250 000,00	kr 250 000,00		
Kontraktoppfølging	kr 850 000,00	kr 850 000,00		
TOTALSUM	kr 9 230 538,24	kr 14 551 006,86	kr 14 082 857,00	

Begge føretak er seriøse og har erfaring med offentleg reinhaldsteneste. Dei har naudsynpte godkjenningar og oppfyllar dei krava kommunen har stilt til kvalitet.

Torsdag 28.10.21 blei det gjennomført drøftingar etter Hovudavtalen del B § 1.4.2. Saka skal handsamast i ADMU den 17.11.21 før handsaming i formannskap og heradsstyre. Det vil bli orientert munnleg i formannskapet og skriftleg til heradsstyret om handsaminga i ADMU.

Konsekvens for pensjon og ordninga med valrett for dei tilsette
Rådmannen har lagt ved oversikt over tilsette med årslønn og stillingsprosent (Anonymisert) som vedlegg til saka.

Alle tilsette er omfatta av Hovudtariffavtalen i KS området:
<https://www.ks.no/fagomrader/lonn-og-tariff/hovedtariffavtalen/hovedtariffavtalen-1.5.2020-30.4.2022/>

Tilsette i Osterøy kommune har gruppelev, yrkesskade og reiseforsikring i Gjensidige forsikring etter hovudtariffavtalen kap. 1 §§10 og 11. Alle tilsette har også tenestepensjonsordning i KLP med rettigheter om AFP, uføre og alderspensjon. Tre tilsette er tilsett som reinhaldsoperatør med særaldersgrense 65 år. Reinhold i skule arbeider redusert arbeidsår og følger skoleruta. Det førar til trekk i lønn på 11%.

Verksemdsoverdraging

Dersom heradsstyret vedtek å setje ut reinhaldstenesta til ein privat aktør, vil dette føre til ei

verksemdsoverdraging. Med dette følger det pliktar for kommunen etter arbeidsmiljølova kap. 16 og rettar for dei tilsette. Dei kan velje å reservere seg, og ikkje følgje med til ny arbeidsgjevar. Ved bruk av reservasjonsretten, vil arbeidstilhøvet i Osterøy kommune opphøyre. Kommunen har plikt til å informere og ta dei tilsette med på drøftingar.

Valrett

Det må gjerast ei konkret vurdering om kven som har valrett, dvs. rett til framleis å vere tilsett i Osterøy kommune. Rettspraksis har stilt opp vilkår for valrett. Rådmannen vil gjere denne vurderinga viss det blir aktuelt. Ein må rekne med at det vil vere nokon tilsette som vil ha valrett. For dei som har rett og vel å vere tilsett i kommunen, må kommunen som arbeidsgjevar vurdere kva arbeidsoppgåver ein har tilgjengeleg, og om kommunen har ein jobb å tilby ut i frå arbeidstakar sine kvalifikasjonar. Dette må utgreiast nærare viss heradsstyret gjer vedtak om konkurranseutsetjing.

Bakgrunn

I denne saka utgreier rådmannen kva konkurranseutsetting av reinhaldstenesta vil gi av gevinstar og kva ein vil tape på å konkurranseutsette tenesta. Saka gir grunnlag for ei politisk avgjerd om Osterøy kommune skal gjennomføre ei konkurranseutsetting. Det er i konkurransegrunnlaget teke atterhald om politisk godkjenning i heradsstyret. Det er og teke atterhald om konkurranseutsetting av reinhaldstenesta viss det er dyrare enn kommunen sjølv gjer arbeidet for.

Ved utgreiing om mogleg konkurranseutsetting, og før vedtak om konkurranseutsetting, skal reglane for samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar takast i vare. Dette er forankra i Hovudavtalen del B §1-4-2.

Det er gjennomført drøftingar med hovudtillitsvalt i Fagforbundet. Drøftingar vart gjennomført den 28. oktober 2021. Dette var seint i prosessen og rådmannen ber om orsak for dette og erkjenner at dette er uheldig for prosessen og samarbeidet med tillitsvalte. I ettertid har dialogen vært god og konstruktiv. Partane har avtalt at saka skal handsamast av ADMU før den bli lagt fram for formannskap og heradsstyre. Saka vil og verte handsama i kontaktforum og AMU den 25. november 2021.

Vurdering

Rådmannen legg i si vurdering til grunn argument knytt til pris og til kvalitet og utføring. I tillegg greier rådmannen ut føremoner og ulemper ved konkurranseutsetting.

Pris

Alliance AS kjem med eit tilbod som er langt lågare enn kommunen sitt budsjett på reinhald for 2022. Ability sitt tilbod er høgare enn det reinhald i Osterøy kommune vil levere for 2022.

Reinhald har i 2021 redusert utgiftane med ca 1,2 millionar ved å gå ned på frekvens og likevel haldt seg innafor den regionale reinhaldsnorma. Det ligg eit potensiale for effektivisering og omorganisering som gjer at kommunen kan redusere kostnadane ytterlegare i 2022.

Kvalitet og utføring

Når det gjeld kvalitet må alle aktørar halde seg til reinhaldsnorma. Dette gjeld både kommunen og private aktørar. Når rådmannen har gått gjennom tilboda så er konklusjonen at kvalitet er teke i vare i krava til tilbydarane. Forskjellen i pris er knytt til kor mykje tid den enkelte tilbydar har lagt inn i reinhaldet.

Føremoner og ulempar

- Ulempar med konkurranseutsetjing
 - Antageleg dårlegare ressursutnytting. I dag samarbeider reinhald og teknisk drift/Bygg om vedlikehald og drift av kommunen sine bygg. Det er etter rådmannen si vurdering ei stor føremon når det gjeld å ha oversikt og kontroll på bygga, til dømes for å oppdage lekkasjar, skadar eller slitasje som krev rask utbetring.
 - Fleksibilitet. Eigen teneste gir mykje større fleksibilitet og vil vere billegare enn å kjøpe ekstra tenester eksternt. Til dømes på Osterøytunet:

«På Osterøytunet er me særst nøgd med samarbeidet me har med reinhaldarane i dag. Dei er godt kjende med drifta vår, dei er fleksible og samarbeider med oss om gode tenester til brukarane våre. Sjølv om det ikkje er pasientkontakt som er del av deira arbeid, er det naturlegvis ein del av dagen deira uansett. Dei må halde seg til våre brukarar, deira daglege utfordringar og deira døgnrytme . Reinhaldarane sin fleksibilitet er også særst viktig at me får behalde. Her kan det ein dag bli endringar med at t.d eit rom må vaskast ut evt. smittevaskast. Dette er ikkje noko me alltid kan utsette. Viss me må utsette mottak av ein pasient grunna manglande kapasitet til å klargjere/reingjere rom, må me betale over 5000,- per døger til sjukehuset. Dette har me til no aldri måtta gjort grunna manglande reinhald! Eit anna viktig moment er at me har ikkje bemanning til å overta noko oppgåver knytt til reinhald!

Eit anna døme er reinhald knytt opp mot skule. Alle vaksne som har oppgåver i skulen har ansvar for å følgje opp at borna har det bra. Det kan være born som fell utanfor og treng ein trygg vaksen. Reinhaldarar har vore til hjelp når elevar er utafør og treng ein trygg vaksen, både i situasjonar med andre tilsette og aleine. Dei er ein viktig ressurs i skule og barnehage, og det er lettare å utvikle slike tverrfaglege nettverk når reinhald er integrert i kommunen sin politikk og målsettingar om tverrfagleg samarbeid.

- Akutte hendinger/nye behov. Reinhald kan snu seg rundt og omdisponere personell utan at det kostar så mykje ekstra. T.d. i perioden med koronatiltak var det reinhald som stilte opp slik at kommunen fekk andre tenester til å gå rundt. Vi kan ikkje rekne med at ein privat aktør kan handle like raskt. Vidare gjer reinhaldarene oppgåver som ikkje er budsjetterte, men som dekkast inn innanfor gjeldande budsjett likevel. Dette er mogleg gjennom å omdisponere personell og gjere omrokkingar i arbeidsoppgåvene.
- Kommunen må ha ein ressurs til å følgje opp reinhaldskontrakten. Det vil vere ein kostnad i tillegg til tilbodssum.
- Me har framleis mogelegheit til å effektivisere når reinhaldet er i kommunal regi. Mellom anna med tanke på endringar av bygg, nokon vert lagt ned, og andre kjem til

- Føremonar med konkurranseutsetjing
 - Det vil vere mindre administrasjon knytta til arbeidsgjevaroppfølging som t.d. sjukdomsoppfølging
 - Det vil være 4- 5 millionar å spare ved å velje det rimelegaste tilbodet
 - Begge firma har god erfaring med verksemdoverdraging og kan sikre god kvalitet

på tenestene gjennom sine kvalitetssystem

Prosess vidare:

Viss heradsstyret gjer vedtak om konkurranseutsetting vil rådmannen følgje opp med å velje leverandør og inngå kontrakt etter regelverk for offentlege anskaffingar. Prosess etter arbeidsmiljølova kap. 16 vil verte igongsett. Rådmannen visar her til omtale under punkt «saksopplysningar».

I motsatt fall der heradsstyret ikkje gjer vedtak om konkurranseutsetting, vil rådmannen avlyse konkurransen ut frå dei atterhald som er teke i konkurransegrunnlaget.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konkurranseutsetting vil kunne gi lågare utgiftar til reinhald i Osterøy kommune og gi innsparingar i fht budsjett for 2023

Konklusjon

Ut i frå dei to tilboda som er kome så vurderer rådmannen det slik at ein ikkje rår til å gjennomføre ei konkurranseutsetting av reinhaldstenesta i Osterøy kommune. Rådmannen si grunngjeving er at det er for liten gevinst i å konkurranseutsette i forhold til kva kommunen sjølv kan levere når det gjeld den fleksibiliteten og gevinstar som eit kommunalt reinhald gir. Reinhald i Osterøy kommune har eit potensiale for ytterlegare effektivisering i 2022. Reinhald sto for ei innsparing på ca 1,2 millionar kroner i 2021.